



Volda kommune

Generell rettleiing til alle typar søknadar om spelemidlar

Denne informasjonen her gjeld alle typar søknad:

- ordinære anlegg t.d. fotball, friidrett, skianlegg m.v.
- nærmiljøanlegg t.d. fleirbruksområde, trimparkar, skateboard, streetbasket, ballbingar m.v.
- turstiar / turveggar / skiløyper m.v.

Viser også til <http://www.idrettsanlegg.no>, der ein finn all relevant informasjon om spelemidlane. Publikasjonen «føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» / «bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» og "idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning" er sentrale.

Generelt

Anlegg som skal finansierast med støtte frå spelemidlar skal vere nemnt i "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv" kor Volda kommune.

For nærmiljøanlegg er det berre anlegga med kostnadsramme på over kr 600.000,- som må vere del av kommunedelplan. (Dagens plan gjeld for perioden 2014-2018)

Handlingsprogrammet / prioriteringslista i planen blir rullert (endra) årleg i samband med handsaming av mottekne søknader for året. Då kan nye anlegg / prosjekt kome med.

Søknadsfrist.

Søknadar skal sendast kommunen (gjennom elektronisk søkjnadsskjema på [idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no))

Fast årleg frist for å sende søknad til kommunen er 15. oktober.

Kommunen må oversende søknadane med godkjent prioritering til Fylkeskommunen innan 15. januar.

Fylkeskommunen sender si prioritering til dep. Innan 15.mars. Av denne oversendinga vil det gå fram kva søknader som er godkjent/ikkje godkjent.

Søknadar som ikkje er formelt godkjente, vil ikkje få tilskot.

Endeleg tildeling og svar på søknad vil normalt bli gitt i juni.

I publikasjonen "føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet" finn de m.a. følgjande informasjon om:

Kven som kan søkje.

Kva de kan søkje støtte til og ikkje kan søkje støtte til.

Aktuell lovgiving.

Storleik på tilskot til dei ulike typar anlegg.

krav til drift av og disposisjon over anlegget.

Vilkår for rehabilitering av anlegg eldre enn 20 år. Rehabilitering av nærmiljøanlegg kan som regel ikkje skje før anlegget er eldre enn 10 år.

Krav til søknaden:

(NB! De kan sjølv IKKJE opprette denne informasjonen.)

o Dersom de ikkje har søkt spelemidlar før, må de få oppretta søkjarnamn, anleggsstad, anleggsnamn og anleggsnummer. Dette må kommunen gjere.

Når de er klare til å søkje om spelemidlar, må de difor ta kontakt med kommunen slik at anleggsnamn og nummer vert etablert.

Vi treng då slik informasjon frå dykk:

- gardsnr. og bruksnr. ev festnr (til staden der anlegget skal ligge). (kartfesting-koordinatorar

ordnar kommunen.)

- offisiell adresse til laget, ev telefon, e-post og heimeside
- kontaktperson.

○ Dersom de / laget dykkar har søkt spelemidlar tidlegare, må korrekt søkjarnamn nyttast. Dersom laget dykkar har søkt spelemidlar til det aktuelle anlegget før, må korrekt anleggsstad, anleggsnamn og anleggsnummer nyttast. Dersom de ikkje finn dette, må de ta kontakt med kommunen som vil sjekke og ev hjelpe dykk å opprette dette.

Gjeld det gjentatt eller fornya søknad må referansenr frå tidlegare søknad nyttast.

○ Eige søknadsskjema skal nyttast. Dersom de avsluttar registreringa av søknaden utan å sende den inn, vil de få oppgitt eit referansenummer. Noter ned dette, så kan de gå tilbake og korrigere/ferdiggjere søknaden i inntil 3 månadar. Dette kan gjentakast heilt til søknaden er innsendt.

○ Krav til ulike vedlegg i søknaden.

- vedlegg 1, idrettsfunksjonell førehandsgodkjente planar

Alle anlegg skal ha førehandsgodkjenning før de kan søkje spelemidlar. Dette må også vere på plass før de kan starte opp arbeidet, om de skal oppnå tilskot til anlegget.

Førehandsgodkjenning gjeld for 2 år, og kan bli fornya.

Kommunane har ansvar for godkjenning av dei fleste anlegg, men nokre få større anlegg skal godkjennast av Kulturdepartementet. Ver då merksam på at saksbehandlinga her kan ta min 2 månadar.

Førehandsgodkjenninga skal m.a. sjå til at idrettsfaglege krav er oppfylt (jf. krav i litteratur frå Kulturdepartementet og ev. andre).

- vedlegg 2, detaljert kostnadsoverslag:

administrasjonskostnadar (t.d. til innleige av firma til jobben som ansvarleg søkjar, jf. krav i Plan- og bygningslova, jf eining for byggesak og geodata kan utgjere 5 % av samla kostnad. (kan også inngå som dugnadsarbeid/gåve).

diverse uforutsett kan utgjere 10 % av samla kostnad.

de kan ta med byggjelånerenter frå oppstart bygging til ferdig bygd anlegg/utbetalte spelemidlar.

Innhenting av anbod:

Førehandsgodkjenninga bør danne grunnlag for innhenting av anbod.

Anbod bør innhentast slik at de får synleggjort dei ulike kostnadstypene ved arbeidet, sjå kostnadsoverslag s. 2. (For å lette arbeidet dykkar seinare, bør rekningar frå entreprenør vere oppsett på same måte som dei ulike kostnadspostane er sett opp i kostnadsoverslaget i søknad om spelemidlar. Av same grunn bør ikkje kostnadsoverslaget vere for detaljert.)

Det er eit vilkår at reglane i Lov om offentlege innkjøp må følgjast. Det er søkjarane sjølve som har ansvar for å halde seg til forskrifta. Alle innkjøp bør så langt råd er skje på grunnlag av konkurranse mellom tilbydarar.

- vedlegg 3, finansieringsplan:

Alle deler av finansieringa skal dokumenterast med vedlegg/kontoutskrift

Lånetilsegn/kommunal garanti/gåvebrev/dugnadsoversyn

for lag og organisasjonar må ev låneopptak og bruk av eigenkapital vere godkjent av årsmøte

- vedlegg 4, plan for drift og vedlikehald av anlegget

- vedlegg 5, grunnboksutskrift:
 - ev leigeavtale skal vere på minimum 30 år (for nærmiljøanlegg er kravet 20 år).
 - ev søknad om dispensasjon frå kravet om tinglyst feste- / leigeavtale MÅ sendast Kulturdepartementet.

Tidlegare søknader, både dei som har fått delutbetalingar og dei som ikkje har fått midlar, må fornyast årleg. De fyller då ut søknadsskjema på vanleg måte. Så lenge der ikkje er gjort endringar, er det tilstrekkeleg å vise til tidlegare innsendte vedlegg / dokumentasjon. Oppdatert kostnadsoverslag må likevel sendast inn som vedlegg til fornya søknad.

○ *Dersom det har skjedd endringar*, må desse dokumenterast. Ev må det søkjast ny idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Ev nye anbodspapir som følgje av prisstigning, må òg dokumenterast – og justert søknad må bli utarbeidd.

○ I tillegg til det som er nemnt ovanfor, er det utarbeidd materiale, brosjyre o.l. som gir meir informasjon om ulike anleggstypar. De finn ei brukbar oversikt over slikt materiale på www.idrettsanlegg.no og menyvalet «publikasjoner fra Idrettsavdelingen».

○ Viser også til krav til universell utforming som betyr at idrettsanlegg skal vere tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne både som utøvar, publikum, trenar, dommar og arrangementsteknisk personell. Dette kravet gjeld ikkje turstiar o.l., men det er ei sterk føring frå nasjonalt hald og eit sterkt ønske frå kommunen at vi også klarer å leggje til rette universelt utforma turstiar, -vegar og skiløyper. Dokumentasjon på / kva delar av anlegget som fyller krava til universell utforming skal følgje med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Viser elles til kap. 5 i rettleiaren «Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg».

Føring av rekneskapen, m.a standard rekneskapskjema skal brukast.

For å lette arbeidet dykkar, bør rekningar frå entreprenør vere i samsvar med dei ulike kostnadstypane som er sett opp i kostnadsoverslaget, jf vedlegg 2 til søknaden. Av den grunn bør ikkje kostnadsoverslaget i sjølve søknaden vere for detaljert.

Rekneskapskjema skal saman med rekningsbilag og kopi av søknadsskjema og tilsegnsbrev sendast kommunerevisjonen. Før revisjon skal kommunen attestere på at anlegget er fullført i samsvar med førehandsgodkjente planar.

MOMS-Kompensasjon.

Alle som har fått godkjent søknad om spelemidlar, kan søkje om kompensasjon (tilbakebetaling) av heile eller delar av betalt meirverdiavgift (moms). Det er ikkje eit krav at ein har fått tildelt spelemidlane, men anlegget skal vere ferdig, rekneskap skal vere revidert og revisorattestasjon skal liggje ved.

Spesielt for nærmiljøanlegg

Kven som kan søkje.

Så lenge vedtektene for velforeiningar er i tråd med mønstervedtekter for Norges vel, og / eller at foreininga er medlem av Norges vel, så kan ei velforeining søkje spelemidlar til nærmiljøanlegg.

Utover dette vil kommunen peike på følgjande:

Tilhøve til Plan og Bygningslov-Søknadsplikt:

Godkjenning av prosjekt for søknad om tilskot frå spelemidlane er ei eiga ordning uavhengig av eventuell handsaming av tiltaket som plan/byggesøknad etter Plan og Bygningslova.

Då blir følgjande viktig:

Søknad om godkjenning /rammeløyve/igangsetting av tiltak må fremjast og godkjenning ligge føre før anleggsstart.

Her skal det m.a. leggjast ved:

skildring av anlegget i form av ei oversikt, teikningar, utrekningar m.v. som syner at tekniske krav m.m. er oppfylt

prosjekteringskontroll (ansvarleg kontrollerande skal ved si underskrift stadfeste at det er prosjektert ut frå reglar og lovverk, både etter plan- og bygningslova og etter førehandsgodkjenninga)

Ferdigattest (både idrettsfunksjonelt og i høve plan- og bygningslova).

Føremålet er å dokumentere at utføringa er i samsvar med krav gitt i både førehandsgodkjenninga (spelemidlar) og i løyve om igangsetting (plan- og bygningslov).

Kontrollerklæring skal innehalde kontrollstadfesting av:

- utføring
- avviksrapport
- teikningar ”som bygget”
- løyver – diverse kommunale.

Ansvarleg kontrollør skal i kontrollerklæringa stadfeste overfor kommunen at kontrollen er utført i samsvar med løyver og krav – og at ein har fått eit tilfredsstillande resultat.

Helse- og omsorgsdepartementet har utarbeidd rettleiar «Støyvurdering ved bygging av nærmiljøanlegg». Denne finn de her: <http://www.regjeringen.no/Upload/KKD/Idrett/302579-stoyveileder.pdf>. Denne blir handheva høve Plan- og bygningslova. Det vil difor vere ein fordel at de tidlegast råd får avklart om de får løyve til å etablere nærmiljøanlegget der de ønskjer. Snakk med byggesaksbehandlar i sektor Utvikling.

Spørsmål knytt til ordninga med spelemidlar, kan rettast til saksbehandlar, planleggar Per Heltne, tlf. 70058717 / 91151347 eller e-post: per.heltne@volda.kommune.no

LYKKE TIL!